

PKO-nytt



NYHEITER FRÅ PRAKSISKONSULENTANE, FOR SAMARBEIDET MELLOM FASTLEGE OG SPESIALIST
UTGÅVE 1. JANUAR 2023

No restartar vi PKO- nytt

PKO-nytt har tidlegare fungert som ein informasjonskanal mellom spesialisthelsetenesta og fastlegar og andre tilvisarar i dei 18 kommunane vi samhandlar med. No er vi glade for å vere i gang att og håpar lesarane vil finne bladet nyttig.

- Nyheitene vil fortløpande bli publisert på denne praksiskonsulentsida:
[For fastlegar og andre tilvisarar - Helse Bergen \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no)
- I tillegg vil vi samle nyheiter frå alle sjukehusa som nemd ovanfor i eit elektronisk PKO-nytt som sendast ut omlag kvar 4.-6. veke.
- Nyheteitene blir fortløpande lenka til på facebook-sida PKO Bergen og omeng. Oppfordrar facebook-brukarar å følgje denne sida.

Sidan det er over to år frå PKO-nytt sist vart sendt ut, har vi også sendt nyheitsbrevet til Bergen og omengs kommuneoverlegar, og håpar dei sender det vidare til legane i sin kommune.




Forskingspoliklinikken ved Haraldsplass Diakonale sykehus er offisielt opna.

[Den nye forskingspoliklinikken](#) blir ein stad for å ta imot pasientar til kliniske studiar. For augeblikket er det hovudsakleg forskingsgruppene på demens og lipødem som skal bruke poliklinikken.



Betanien med tilbod om gallekirurgi

Offentlege pasientar kan no bli tilvist til gallekirurgi til Dagkirurgisk avdeling, og ventetida er kort. Ved behov har Betanien moglegheit for overnatting i eige oppvakingsavdeling.



Orientering frå Plastikkirurgisk avdeling

Vi på Plastikkirurgisk avdeling ved Haukeland universitetssjukehus, ønsker å bidra til godt samarbeid mellom primær og spesialisthelsetenesta. [I den anledning ønsker vi å informere litt om tilvising av pasientar med maligniteter, trykksår og om rekvirering til radiologisk undersøking av handpasientar.](#)

Tilbod om tarmscreening av alle over 55 år

I november 2023 blei dei første invitasjonsbrev til screeningprogrammet for tarmkreft sende ut til alle 55-åringar. Målet med screeninga er reduksjon i dødelegheit og helst også reduksjon i førekomst av tarmkreft. I programmet for tarmscreening får 55-åringar tilbod om analyse av avføringsprøve fram til dei fyller 65 år. [Deltakarane tek prøva heime og sender ho til laboratoriet ved Akershus universitetssykehus for analyse. Pasientar blir informert om prøvesvar etter ei fast prosedyre.](#)

Nytt behandlingstilbud ved Haraldplass Diakonale sykehus

Frå og med oktober 2022 har Haraldsplass Diakonale sykehus inngått avtale med Helse Vest om fjerning av overflødig hud etter massivt vekttao og brystreduksjonar. [Det er Seksjon for generell- og plastikkirurgi som har ansvar for behandlingstilbodet.](#)

Nytt og nyttig møte

på Bikuben Haukeland universitetssjukehus
onsdag 22.mars 17.00-19.00.

Fastlegar, legevaktlegar, kommuneoverlegar og sjukeheimslegar frå Bergen og omegn er invitert.

Samhandlingsseminar

på Haraldsplass
torsdag 04.05.2023

Matsservering fra 16.00, faglig program fra 17.00 – 20.00. Fastlegar, legevaktlegar, kommuneoverlegar og sjukeheimslegar frå Bergen og omegn er invitert. Møtet er godkjent som møteserie poenggivande i vidare- og etterutdanning DNLF som valgfrie poeng.



Tips ein kollega om PKO-nytt

Påmelding til elektroniske nyheitsbrev skjer via innternettsidene til [Haraldsplass Diagonale sykehus](#) eller [Haukeland universitetssjukehus](#)

Følg oss på facebook

Følg "PKO Bergen og omegn" på facebook

Har du saker du vil vi skal skrive om eller ta opp, kan du skrive til oss på epost:

pko@helse-bergen.no

Avsendar: Praksiskonsulentane (PKO) i Helse Bergen, Ansvarleg redaktør Marianne Warloe. Leiar for praksiskonsulentane Benedicte Djupesland. Nyheitsbladet er eit samarbeid mellom Haukeland universitetssjukehus, Haraldsplass Diagonale sykehus, Betanien sykehus, Solli DPS og fastlegerepresentantane.

Praksiskonsulentene, Seksjon for samhandling - Postboks 1400, 5021 Bergen, Norge

[Meld deg av](#)

Levert av Make